

Styremøte i Vats Grendautval

Onsdag 08.11.12 i Vindafjordhallen kl 19:00

Desse møtte: Jon Olav Velde

Per Fatland

Alf Egil Vaula

Severin Fatland

Hilde Fadnes Hølland

(Kristin Ove Skare og Anne Nesheim Myhre kunne ikkje møta)

Sak 1. Årsmøtesakar

Me gjekk gjennom forslag til årsmeldinga og rekneskapen. Det var inga kommentarar til dei.

Det kom nokre kommentarar til vedtekter, bla det som går på val av valnemnd. Det blir nå presisert at dei i valnemnda er valde for 3 år og at det blir vald ein ny for kvart år. Valnemnda er nå sett i sving og tek seg av valet.

Sak 2. Orienteringssaker på folkemøtet:

Orienteringssakar til folkemøtet blir:

- 1) Veg- og gatenamn v/Berit Hetland, prosjektleiar
- 2) Altibox v/Asbjørn Espetvedt frå Haugaland Kraft
- 3) Sykkel- og gangsti Knapphus til Kårhus v/Hildbjørg Fludal, leiar for kommunal tekniske tenester i kommunen og Bjarte Børtveit frå Statens vegvesen
- 4) Vatsvassdraget v/Harald Velde, prosjektleiar
- 5) Saker som Jon Olav tar opp:
 - Veglysprosjekt
 - Turstiprosjekt
 - Kunstgrasbane
 - Nye innbyggjarar til Vindafjord
 - Musikk korps har starta opp att
 - Vatsnett.com
 - Kyrkjelydhus
 - Grendautval, korleis kan ein bruke oss

Sak 3. Arbeidsfordeling, oppgaver til årsmøte

Jon Olav hadde har laga ein plakat med saksliste for årsmøtet. Plakaten blir sendt til Grannar slik at det er på trykk 19.11. Det blir og lagt ut på Vatsnett.com.

Jon Olav lagar kopier av plakatane/flygeblad som han fordeler til styret. Alf Egil laminerer plakatane. Dei må ut i postkassar/på stolpar og butikkar fredag eller seinast laurdag før møtet.

Me har satt opp desse rutene:

Alf Egil: Blikrabygda tom Landa

Severin: Sjoen tom Vatnesstølen, Gjerdesdalen

Anne: Krakk, Knapphus t.o.m Kårhusfeltet

Jon Olav: Eikeland, Aurdal til Knapphus

Kristin: Stokkadalen og Hååå

Hilde: Raunes t.o.m Kårhus

Per: Eide, Ohm og Tørresdalen

Styret møtar i 18-tida på årsmøtet, dette for å gjer klar til møte.

Jon Olav har bestilt kaffi og noko å bite i. Undersøkjer med hallen om koppar er med i prisen, om ikkje så kjøper han inn papp- tallerkar og krus.

For Vats Grendautval, 09.11.12

Hilde Fadnes Hølland

-skrivar-